

Behandling i Fylkesutvalet - 26.02.2018

Gunn Berit Gjerde (V) fremma på vegner av seg sjølv, Tove-Lise Torve (AP), Per Vidar Kjølmoen (AP), Eva Vinje Aurdal (AP), Sidsel Rykhus (AP), Kristin Marie Sørheim (SP), Iver Nordseth (V) og Mette Belden (UAVH) følgjande forslag:

«Nytt kulepunkt under overskrift « ein unik nærings.....

Møre og Romsdal er fiskerieksportfylke nr 1.

Kunnskap om havet, livet i havet, havbotnen og havstraumar er bygt opp gjennom århundre med fiskeri i nære og fjerne farvatn.»

Votering:

Tilrådinga frå fylkesrådmannen vart samrøystes vedteke.

Forslaget frå Gunn Berit Gjerde med fleire vart samrøystes vedteke.

Samrøystes vedtak i Fylkesutvalet - 26.02.2018

Møre og Romsdal fylkeskommune går inn for at det blir oppretta eit nasjonalt ressurscenter i Innovasjon Norge med ansvar for verdiskaping frå havrommet, og at dette blir lokalisert i Ålesund i Møre og Romsdal.

Ein uttale frå Møre og Romsdal fylkeskommune, slik den er lagt fram i denne saka, blir sendt til hovudkontoret i Innovasjon Norge, med kopi til Nærings- og fiskeridepartementet og Mørebenken.

Uttale:

Satsing på havrom i Innovasjon Norge bør leggast til Møre og Romsdal

Innovasjon Norge Møre og Romsdal er tett integrert i eit verdsleiane næringsliv og ei global maritim klyngje. Det vil gje Innovasjon Norge fortrinn i ei satsing på verdiskaping frå havrommet. Eit nasjonalt ressurscenter for utvikling av havromsnæringar bør difor leggast til Innovasjon Norge Møre og Romsdal.

Møre og Romsdal har eit internasjonalt konkuransedyktig næringsliv prega av dynamiske næringsklynger med eit stort innslag av industriell verksemd. Kriser og nedgangstider rammar næringane, men gjev også grobotn for nye mogleigheter og innovative løysingar.

Ein unik næringskultur knytt til havet

Historia er bygd på naturressursane. Dei har gjeve grunnlag for ein unik marin og maritim kompetanse til å nytte havrommet på mange vis. Kombinasjonen av kompetanse basert på erfaring, dyktige fagarbeidrarar, nye teknologiar og forsking har gitt regionen:

- Verdas mest effektive verftsindustri for bygging av avanserte fartøy
- Ein unik leverandørindustri innan maritim og marin sektor og petroleum
- Ein kombinasjon av konkurranse og samarbeid som gir sterke næringsklynger
- Ein entreprenørskapskultur som er kjenneteikna av vilje til å ta risiko
- Globalt eigde bedrifter med sterke forretnings- og kunnskapskoplingar
- Mange familieeigde verksemder som tenker langsiktig i nedgangstider
- Møre og Romsdal er fiskerieksportfylke nr 1.

Kunnskap om havet, livet i havet, havbotnen og havstraumar er bygt opp gjennom århundre med fiskeri i nære og fjerne farvatn.»

For å kunne realisere sitt potensial, ber industrien i Møre og Romsdal om eit sterkt Innovasjon Norge, der Innovasjon Norge Møre og Romsdal tek ansvar for å bli eit nasjonalt ressurssenter for utvikling av havromsnæringer.

Møre og Romsdal har verdsleiane næringssliv og kompetansemiljø knytt til havrommet

Møre og Romsdal har næringssliv og kompetansemiljø som er sterke på ulike felt, og som utfyller kvarandre. Vi har sterke havromsnæringer innan maritim, marin og petroleum. Tette vertikale nettverk mellom spesialiserte leverandørar og krevjande kundar bidreg til eit sterkt innovasjonspress. Fire av klyngene i Innovasjon Norge sitt klyngeprogram har sitt hovudsete i Møre og Romsdal; GCE Blue Maritime, NCE iKuben, Blue Legasea, Norwegian Rooms. I alle delar av fylket har vi globalt leiande bedrifter innanfor havromsnæringerane og ein leverandørindustri med evne til teknologioverføring og raske innovasjonar på tvers av næringar. Vi har næringssnære kunnskapsmiljø; Campus Ålesund, med NTNU har fire SFI-ar innan maritim næring, samt Møreforsking og Sintef samlokalisert med tre næringsklynger og leiande bedrifter i Norsk Maritimt Kompetansesenter. Campus Molde med nasjonalt leiande logistikkmiljø og NCE iKuben. Campus Kristiansund er under oppbygging med styrke i havbruk og teknologikoplingar frå petroleum, samt Nofima med SFI innan havbruk. Klyngene og bedriftsnettverka som jobbar med innovasjon knytt til havrommet har medlemsbedrifter over heile fylket. Vi har også fleire bankar med lange tradisjonar for å levere finanstenester til havromsnæringerane.

Eit forsterka Innovasjon Norge Møre og Romsdal med nasjonale oppgåver innan verdiskaping frå havrommet vil ha nytte av å vere tett på den samla havromskompetansen i Møre og Romsdal.

Innovasjon Norge Møre og Romsdal er størst i Norge

Møre og Romsdal er Innovasjon Norge sitt klart største kontor når det gjeld løyvingar, og hadde i 2017 nesten 1 mrd. kroner i totale løyvingar til næringsslivet i Møre og Romsdal, ein auke på nesten 50 prosent frå 2016. Låna aukar mest, det er tildelt 747 mill. kroner i låن i 2017, som er 58 prosent meir enn i 2016. Samstundes vart det delt ut 187 mill. kroner i tilskot, som er ein auke på 18 prosent. Innovasjon Norge Møre og Romsdal har ei låneportefølje på ca. 4 mrd. kroner. Det utgjer ca. 23 prosent av dei samla låna frå Innovasjon Norge på landsbasis.

Innovasjon Norge i Møre og Romsdal arbeider tett på sine kundar og samarbeidspartar. Løyving av lån og tilskot kjem som resultat av ein dialog med bedriftene, der Innovasjon Norge brukar sin kompetanse til å rettleie bedriftene og foredle dei utviklingsprosjekta som får støtte. Vi vil påstå at denne arbeidsforma er eit særtrekk og eit fortrinn for Møre og Romsdal.

Innhald i eit nasjonalt ressurssenter for verdiskaping frå havrommet

Eit nasjonalt ressurssenter for verdiskaping frå havrommet må ha solid kompetanse om marin (fiskeri, oppdrett, biomarin) og maritim næring. Ressurssenteret må vere eit stort nok team til å kunne ha inngående kunnskap om muligheter og utfordringar i marknaden, samt oversikt over nasjonale og internasjonale trendar og utviklingstrekk.

Eit slikt ressurssenter bør ha ansvaret for å utvikle strategisatsingar, i samspel med andre kompetansemiljø internt og eksternt. Et sterkt fagleg samla team, som er synleg og nært havromsaktørane, vil styrke Innovasjon Norge som ein kompetent, tydeleg medspelar og tilretteleggjar for næringsslivet sine krav og behov.

God tilgang på kompetent arbeidskraft

Møre og Romsdal har to høgskular, eitt universitet og til saman fire campus. Alle er særleg tett på næringslivet og utdannar viktig arbeidskraft for havromsnæringane. Ålesundsregionen, som er tyngdepunktet i dei marine og maritime klyngene, har nærmare 100 000 innbyggjarar og eit allsidig arbeidsliv. Regionen har også offentlege arbeidsplassar knytt til havrommet, som Kystverket og Fiskeridirektoratet, og eit finansmiljø som kjenner havromsnæringane. Innovasjon Norge vil ha god tilgang på kompetent arbeidskraft i Møre og Romsdal.

Oppsummering

Kompetansen og menneska i Innovasjon Norge bør vere så nær havromsnæringane som mogleg. Det er svært mange solide bedrifter i desse næringane i fylket. Ei etablering av havromssatsing vil bidra til nasjonal vekst ved å bygge på kompetente miljø. Møre og Romsdal sin samling av kompetanse i virkemiddelapparatet, innovasjonsmiljø, forsking og operative verksemder vil gjere det attraktivt å etablere ny verksemrd, og vidareutvikle viktig kunnskap for havromsnasjonen Norge. **Eit nasjonalt ressurssenter for utvikling av havromsnæringar bør difor leggast til Innovasjon Norge Møre og Romsdal, lokalisert i Ålesund.**